



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
REGION VEST  
Naustdalsvegen 1B

6800 FØRDE

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2020/2198-12		22.01.2021

## Bed om utale til rammesøknad - 88/1 – Tursti/veg rundt Hattebergfossen - Rosendal - Baroniet Rosendal

Viser til rammesøknad mottatt 12.08.2020

Det vert søkt rammeløyve for bygging av ny tursti/veg kring Hattebergfossen i Rosendal, sjå vedlagt kart og utgreiing.

I kommuneplanen for Kvinnherad pkt. 2.12.5 står det:

*«Det skal visast varsemd ved oppføring av tiltak nær vassdrag med årssikker vassføring, og her skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjer levestad for planter og dyr. Tiltak etter pbl. § 1-6, 1. ledd, bortsett frå riving og fasadeendring, kan ikkje setjast i verk mindre enn 50 meter frå begge sider av eit hovudvassdrag (jf. pbl. § 11-9, nr. 5 og § 1-8 femte avsnitt). Hovudvassdraga er: Øyreselva, Austrepollselva, Bondhuselva, Furebergselva, Æneselva, Hattebergselva/Melselva, Guddalselva, Storelva (Omvikdalselva), Uskedalselva, Hellandselva, Handlandselva, Blåelva og Åkraelva. Det kan gjerast unntak for område om aktuell vassdragsstyresmakt har gitt samtykkje.»*

Vegen går langs Hattebergelva, og vil nokre stader koma nærare elva enn 50 meter. Det skal og etableras to informasjons-/rasteplasser langs vegen. I tillegg vil det bli utbera ein grusplass oppe ved Kalvatrebrua. Desse tiltaka vil ligga nærare elva enn 50 meter.

Den nye vegen vil i det vesentlege følgja eksisterande sti som vert nytta i dag. Den nye vegen skal vera brei nok til traktorveg 2,4 m, og vera universelt utforma. I det brattaste område langs fossen, vil vegen vera noko smalare, ca 2 m, og ikkje ha universell utforming.

Planstatus: LNFR-område i kommuneplanen for Kvinnherad vedtatt 22.03.2018.

Tiltaket er vurdert til å ligga innanfor arealføremålet, då det er tilrettelegging for friluftslivet. I tillegg er grusplassen eit tiltak som skal nyttast i landbruket (snuplass, lagring og opplasting av sau mm).

Tiltaket ligg innanfor område som er flaum- og skredutsett. Her er både faresonekart skred, flaumrapport og aktsemdskart for skred/flaum innanfor området. Kommunegeologen har tilrådd at eit fagkunnig føretak lagar rapport og vurderer dette nærare.

Deler av vegen ligg innanfor freda kulturlandskap, og Vestland Fylkeskommune har gitt dispensasjon til tiltaket i vedtak av 09.07.2020.

Følgefonna Nasjonalparkstyre har gitt løyve med vilkår til den del av vegen som er innanfor Hattebergdalen Landskapsvernområde (her må vegen framstå som gangveg) i vedtak av 02.10.2020.

Vi bed med dette om uttale og eventuelt samtykke til det omsøkte tiltaket, jf. pbl § 21-5

Med helsing

Torill Slåke  
*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
L J B AS

Kirkegaten 3